

Fenomenalt om mobbing og integritet

ROMAN Orkanger Forfattar: Johan B. Mjønes Forlag: Aschehoug

Ein liten, stor roman.

6

Vi møter mobbaren Børge og mobbeofferet Terje som grunnskulebarn i Orkanger. Mjønes let dei, frå kvar sin vinkel, fortelje korleis mobbesituasjonane vert opplevde.

ROMAN

Orkanger

Forfattar: Johan B. Mjønes

Forlag: Aschehoug

Ein liten, stor roman.

6

Vi møter mobbaren Børge og mobbeofferet Terje som grunnskulebarn i Orkanger. Mjønes let dei, frå kvar sin vinkel, fortelje korleis mobbesituasjonane vert opplevde. Så det er sagt, det er tale om rå, fysisk mobbing. Det psykiske er sjølv sagt både på kort og lang sikt det verste. Saman med familien flytter Terje. I del to har båe blitt mellom 30 og 40. Terje er psykolog, gift – har tatt etternamnet til kona – og flytta attende til Orkanger. Børge er skild, og ekskona og han kjempar om omsorgsretten for barnet deira, Kaia. Terje blir utnemnd som sakkyndig og har fleire møte heime hos Børge når Kaia er der. Børge kjenner han ikkje att. I del tre er dei eldre menn – og der stoppar innhaldsreferatet.

Debutboka, Terminalhastighet, var svært lovande, og Orkanger viser at vi har med ein verkeleg diktar å gjere. Skildringane av redsla til Terje som smågut er fæle – og gode. Børges unnskyldingar og bortforklåringar det same.

Uhyggeleg blir det når den 36 år gamle psykologen hemnar seg, korleis han bortforklårar Kaias tillit til faren – går på akkord med sin profesjonelle integritet. Kven er verst, mobbaren eller hemnaren? Det får vi ikkje svar på, men ei intelligent, gjennomarbeidd drøfting av spørsmålet får vi – mellom linjene. Grunnleggande er språket det same som i debutromanen, men det er strammare, rytmen i oppattakingane fastare. Ein liten, stor roman om blant anna skuld, hemn, anger og personleg integritet.

Bjarne Tveiten